

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 29.08.2012
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP) i Helse Bergen - igangsetting av fornya utgreiing av fase 2 på konseptnivå**

Arkivsak
2012/430/
Styresak 095/12 B

Styremøte 05.09. 2012

Forslag til vedtak

Styret sluttar seg til at det blir sett i gang fornya utgreiing av BUSP fase 2 på konseptnivå.

Oppsummering

BUSP prosjektet er tidligare lagt fram som ein samla prosjektutgreiing på konseptnivå, både somatikk og psykiatri. Når prosjektet blei lagt fram til handsaming hausten 2009 (styresak 081/09 B) tok berre styret i Helse Vest stilling til vidareføring på forprosjektnivå av trinn 1 av denne utbygginga, psykiatridelen (BUSP 1).

Med bakgrunn i endra planar, mellom anna om å flytte fødetilbodet i Helse Bergen inn i eit framtidig BUSP-prosjekt, vil den samla utbygginga av BUSP ha eit endra innhald og omfang enn det konseptet som blei lagt fram for Helse Vest styret i 2009.

Med dette som bakgrunn er det det er behov for å få fram eit nytt, revidert konsept for fase 2 av BUSP-prosjektet.

Fakta

Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP) i Bergen, har vore planlagt over lang tid. Ein samla sak på konseptnivå, for heile BUSP utbygginga, var handsama av Helse Bergen styret 07.06.07.

I saka som vidare blei lagt fram for styret i Helse Vest RHF i september 2009 vart det gjort greie for heile prosjektet, men styret i Helse Vest tok berre stilling til vidareføring av fase 1 av prosjektet.

BUSP 1 vil i all hovudsak innehalde nye areal for barne- og ungdomspsykiatrien og psykosomatisk medisin. Byggjearbeida for BUSP 1 er i full gang og går i høve til vedtatt framdriftsplan og budsjett. Samla areal for denne utbygginga er 28 000 kvm brutto.

Reguleringsvedtaka gir rom for maksimalt 73 000 kvm brutto i dette området.

Neste fase i BUSP utbygginga vil omfatte det somatiske tilbodet til barn og unge (under 18 år), og vil samle dette tilbodet på ein plass i Helse Bergen.

Hausten 2011 blei det gjennomført interne drøftingar i Helse Bergen. Desse resulterte i to styresaker til Helse Bergen sitt styre. Sak 66/11 omfatta sentrale endringar i arealplanen til Helse Bergen, blant anna knytt til det framtidige innhaldet i BUSP prosjektet. Det er eit mål for Helse Bergen å få samlokalisert fødetilbodet med det framtidige barnesjukehuset. Dette vil mellom anna sikre ein tettare fysisk kopling mellom fødetilbodet og nyfødtintensiv. Dette vil heve kvaliteten på tilbodet til dei aller svakaste pasientane, dei sjuke nyfødde, og deira pårørande.

I styresak 66/11 (Helse Bergen) kom det fram følgjande:

«Det arealmessige grunnlaget for å inkludere føde/barsel i BUSP er følgjande:

<i>a) Auka utnytting av potensiale på regulert tomt (i hht reguleringsplan):</i>	<i>7.000 kvm brutto</i>
<i>b) Alderspsykiatrien¹ som frå 2015 blir i BUSP-1, får nye lokal annan stad:</i>	<i>5.200 kvm brutto</i>
<i>c) Romprogrammet for BUSP-2 vert komprimert med ca. 10%:</i>	<i><u>3.800 kvm brutto</u></i>
	<i>16.000 kvm brutto»</i>

Det er viktig å understreke at dette er det maksimale utbyggingspotensiale for å få inkludert fødedelen i BUSP konseptet. Konseptrapporten vil klargjere kor mykje av dette som vil bli bygd ut og kor mykje som kan vere ein framtidig arealreserve i dette området.

¹ Det vert her tenkt på all vaksenpsykiatrisk verksemd planlagt i BUSP-1 med unntak av verksemd relatert til spiseforstyrningar

Den andre styresaken (77/11) omfatta ønske om å finne ei anna mellombels løysing for Barneklubben når denne vert riven og BUSP 2 vert realisert. Forslaget blei lagt fram i styresak 38/12 i Helse Bergen og i styresak 08012 B i Helse Vest, om sengebygg sør. Sengebygg sør er vedtatt på konseptnivå og vil no bli ført på forprosjektnivå hausten 2012. Dette tiltaket vil leggje til rette for at BUSP 2 kan realiserast i eit byggetrinn og vil også kunne redusere byggetiden for BUSP 2.

Helse Bergen sin arealplan tar også høgde for desse endringane som vart vedtatt i styret i Helse Bergen i juni 2012.

Dei statlege retningslinjene for store investeringsprosjekt legg til grunn at styret på HF-nivå og RHF-nivå godkjenner start av utgreiing på konseptnivå. Som det går fram ovanfor er ei samla sak lagt fram tidlegare. Med dei endringane som no vert lagt opp til i prosjektet, er det naturleg at saka får ein fornya gjennomgang på konseptnivå. Målsetjinga med denne saka er difor å få godkjenning for at Helse Bergen kan setje i gang dette arbeidet.

Styret i Helse Bergen behandla saka i styremøte 22.08.12 og gjorde følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Bergen sluttar seg til opplegget for ei fornya utgreiing av BUSP 2 på konseptnivå.*
2. *Styret ber om at saka vert sendt vidare til Helse Vest for handsaming.*

Kommentarar

Neste fase i BUSP utbygginga vil legge til rette for å samle all behandling innan somatisk verksemd for barn og unge ein plass i Helse Bergen. Slik situasjonen er i dag blir kirurgisk verksemd knytt til barn og unge utført i dei ulike einingane i Sentralblokka. Tanken bak BUSP konseptet er at spesialistane og verksemda skal organiserast rundt pasientane. Gjennom gode tilpassa lokale skal helseføretaket kunne møte dei krava som ligg i forskrifta om barn i sjukehus. Dagens barneklubb er i særers dårleg forfatning. Det over 50 år gamle bygget fyller ikkje krava til moderne sjukehusdrift. Tiltaket må også sjåast i lys av Helse Bergen sin strategi om å frigjere kapasitet i Sentralblokka slik at denne kan oppgraderast, og i åra frametter framleis vere hovudbygget for somatisk verksemd i Helse Bergen.

Helse Bergen har klart å finne frem til ei løysing som sikrar fysisk samlokalisering av fødetilbodet og nyfødttintensiv. Helseføretaket har funne eit arealgrunnlag for ei samla mor-barn løysing i BUSP-prosjektet. Den gynekologiske verksemda blir lagt til Sentralblokka og vil då vere så nær BUSP at fagmiljøet på Kvinneklubben er samla.

Mandat for igangsetting arbeidet med fornya konseptbeskriving av BUSP 2

Helse Bergen har lagt til grunn følgjande mandat for arbeidet:

1. Føringer og rammer for prosjektet

Målsetjinga med konseptutgreiinga er å få fram eit grunnlag slik at dei styrande organa kan ta stilling til om føretaket kan gå vidare med å detaljere prosjektet på forprosjektnivå.

Det fornya konseptet må difor oppdatere det faglege grunnlaget for prosjektet. Dette omfattar mellom anna pasientgrunnlag, prosjektet si "plassering" innanfor det regionale helsetenestetilbodet, og korleis endringar i samhandlingsmønstre med kommunane vil kunne påverke prosjektet mv.

Utgreiinga får følgjande mandat:

1. *Med utgangspunkt i dei premissane som er lagt i dei relevante styresakene må prosjektet vise korleis eit samla BUSP-konsept vil stå fram når det er ferdigstilt.*
2. *Ei samla framstilling av dette må synleggjere kapasitetar, logistikk, lokalisering av dei ulike einingane samt dei økonomiske konsekvensane både på drift og investering av dette prosjektet.*
3. *Prosjektet må synleggjere korleis BUSP konseptet (også føde-delen) kan realiserast, inkludert ei vurdering av utbygging i ulike byggesteg.*
4. *Dei statlege retningslinjene for planlegging i tidleg fase må leggjast til grunn for arbeidet.*

II. Budsjett for konseptfasen

<i>Kjøp av arkitekttenester</i>	<i>5 000 000</i>
<i>Kjøp av teknisk tenester</i>	<i>5 000 000</i>
<i>Prosjektkontoret</i>	<i>1 000 000</i>
<i>Andre utgifter</i>	<i>3 000 000</i>
<i>Budsjett konseptnivå</i>	<i>14 000 000</i>

III. Omfang og avgrensingar av arbeidet

Arbeidet med ei fornya konseptutgreiing av BUSP må byggje på det godkjende vinnarutkastet i arkitektkonkurransen. Prosjektet kan leggje til grunn vurderingane i tidlegare styresaker, både i Helse Bergen og Helse Vest, som konkluderer med at eit 0-alternativ, med å behalde Barneklubben slik han er i dag, ikkje er ei framtidretta løysning.

IV. Leveransane i konseptfasen

Konseptet skal inkludere eit **hovudfunksjonsprogram** med funksjonsbeskrivingar, kapasitet- og arealberekningar.

I dei nye retningslinene for planlegging i tidleg fase, vert det lagt opp til at konseptfasen også skal inkludere **delfunksjonsprogram** med romlister og arealbehov. I delfunksjonsprogrammet skal ein synleggjere bygningsmessige krav til funksjonsområder og behov for nærleik mellom funksjoner og rom.

Konseptfasen skal legge fram driftsøkonomiske konsekvensanalysar og vise prinsipp for person og vareflyt.

Konseptrapporten må også inkludere **hovudprogram utstyr** og eit **overordna teknisk program**, med tekniske krav til infrastruktur.

Konseptrapporten skal også innehalde risikoanalyser.

I følgje prosedyrane for store utbyggingsprosjekt (over 500 mill kroner) skal konseptutgreiingar gjennom ei ekstern kvalitetssikring. Den eksterne kvalitetssikringa skal berre ta ut gangspunkt i dokumentasjonen som ligg føre i konseptutgreiinga.

V. Plan for gjennomføring, inkludert prosjektorganisering

Helse Bergen har etablert tre ulike styringsgrupper for utbyggingsprosjekt

- styringsgruppe for BUSP
- styringsgruppe for ombygging i sentralblokka
- styringsgruppe for andre store utbyggingar i Helse Bergen.

Alle tre gruppene vert leia av adm. direktør.

BUSP 2 prosjektet vert naturleg nok lagt inn under styringsgruppa for BUSP

Prosjektkontoret i Helse Bergen tar ansvar for å få fram saken på konseptnivå. Prosjektleiaren er knytt til prosjektkontoret.

Det vert etablert ei brukargruppe med representantar frå verneombod, tillitsvalde og pasientorganisasjonar.

Framdrift

Fornyning av konseptet, slutført mars 2013

Ekstern kvalitetssikring, perioden mars 2013 – juli 2013

Styrebehandling av konsept, Helse Bergen HF og Helse Vest RHF, høst 2013

Konklusjon

Administrerende direktør tilrår at styret sluttar seg til at det blir sett i gang fornya utgreiing av BUSP fase 2 på konseptnivå i samsvar med saksutgreiinga.